

Sonja Håvik

Fra: Rune Sjurgard
Sendt: 20. januar 2019 10:11
Til: Postmottak Volda; Sonja Håvik
Kopi: Asbjørn Moltudal; Jørgen Vestgarden; Jarl Martin Møller; Rune Totland; Ann Kristin Langeland; Torgeir Stensø
Emne: Fwd: Volda Næringsforum - endringar

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Kategorier: Grønn kategori

Ber om at du Sonja legg ut dette til fsk som orienteringssak.

Sendt fra Galaxy Tab.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Roar Vikene <roar.vikene@adcom.no>
Dato: 19.01.2019 17:30 (GMT+01:00)
Til: hei@voldadagen.no
Emne: Volda Næringsforum - endringar

Volda Næringsforum - endringar

Styret i Volda Næringsforum har ei tid vore i prosess med å omstrukturere drifta. Dette har vore nødvendig for å få budsjettet i balanse, og legge til rette for ei berekraftig vidare drift. Det er ulike grunnar til at Volda Næringsforum har kome i denne situasjonen.

Det har frå styret si side vore jobba intensivt med omlegginga i andre halvår 2018 og fram til dags dato. Dessverre har dette også vore medverkande til at vi ikkje har funne rom til alle dei aktivitetane vi hadde planar om ved inngangen til dette driftsåret.

Etter grundige vurderingar har styret kome fram til at noverande 100% stilling som dagleg leiar vert endra til ei redusert stilling.

Stefan N. Halck, som frå starten har vore med som dagleg leiar, held ikkje fram i Volda Næringsforum, og vil her gjerne sende ei helsing til medlemmer og samarbeidspartnarar;

«Eg har lært utruleg mykje desse åra, og har hatt den store gleda av å arbeide saman med mange kjekke menneske. Eg er stolt over å ha vore med på å gjere næringslivet i Volda meir bevisste på si viktige rolle, og på å skape dei relevante møteplassane Volda Næringsforum legg til rette for. No ynskjer eg å søkje nye utfordringar, og gler meg til å ta fatt på det. Eg er samstundes viss på at Volda Næringsforum vil halde fram som ein viktig aktør i og for medlemmane, samarbeidspartnarar og Volda-samfunnet elles.»

Styret takkar med dette Stefan for laget og arbeidet han har lagt ned for Volda Næringsforum, og ønsker han lykke til på vegen vidare.

Vi vurderer også framtidig lokalisering. Kontoret i Storgata 8 er for tida stengt, og vi har pr. dato ikkje operativ ny adresse og fysisk kontaktpunkt. Telefonnummeret er som før, 953 00 397, og ein får inntil vidare svar frå Roar Vikene som «sekretær» og styremedlem. E-post-adresse som skal nyttast heretter er post@voldaforum.no. Her vil også styret sørge for at de får svar.

Vi vil bruke tida framover til å finne den optimale driftsform for Volda Næringsforum, og vi vil forsikre medlemmer og samarbeidspartnarar om at styret jobbar målretta med dette.

Dersom de ønsker meir informasjon, er årsmøtet fastsett til onsdag 20. februar kl. 1900. Set gjerne av tidspunktet, og vi viser elles til eiga innkalling.

Volda, 19. januar 2019

Med helsing frå styret i Volda Næringsforum
Hallvard Bjørneset
Styreleiar

Advokatfirmaet Lippestad as

Sehesteds gate 6
0164 Oslo

T: +47 22 94 10 20
F: +47 22 94 10 21
advokatlippestad.no
Driftskonto: 1720.27.25449
Klientkonto: 1720.27.42920
NO 996 400 832 MVA

Volda kommune
v/ Rådmann
Volda

17. januar 2019

Deres referanse: 2018/1222
Vår referanse: NKS-2018-003
Ansvarlig advokat: Anna Marion Persch

Møte i formannskapet 22.01.2019 OS 11/19

Dette brevet bes lagt som tilleggsinformasjon til orienteringssak 11/19 i forbindelse med møte i formannskapet 22. januar d.å.

Som meddelt tidligere representerer undertegnende Volda Sanitetsforening i rettslige anliggender.

Vi har lagt merke til orienteringssaken som skal legges frem for formannskapet i neste uke. Det er utarbeidet et notat og i notatet har saken som overskrift «Tilbod om kjøp av eiendom». I tillegg avslutter notatet med følgende «Likevel gjer styret for sanitetsforeninga vedtak om å selje eiendom».

Det fremstår som uklart hva kommunen mener med disse formuleringene. «Likevel...» Hva menes med det? Har kommunen nå bestemt seg for å følge opp tidligere løfter om å erverve eiendommen siden det faktisk i overskriften opplyses om at det er fremsatt et tilbud om kjøp? Volda Sanitetslag vil om kort tid ta formell kontakt med Volda kommune for å drøfte saken mer konkret. I tillegg bes det om at saken settes opp som egen sak til behandling i formannskapet i februar.

Med vennlig hilsen



Anna Marion Persch
Advokat

Sonja Håvik

Fra: Jørgen Amdam
Sendt: 16. januar 2019 14:57
Til: Sonja Håvik
Emne: VS: Møtereferat frå 14.01.2019.

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Kategorier: Grønn kategori

Hei – legg dette ut som orientering til FS.



Jørgen Amdam

Ordfører

Ordfører

Direkte 95463942 Mobil 95463942

www.volda.kommune.no

Fra: Jan Kåre Aurdal <jan.kare.aurdal@alesund.kommune.no>

Sendt: onsdag 16. januar 2019 14:34

Til: Jan Ove Tryggestad <jantry@stranda.kommune.no>; Vebjørn Krogsæter <Vebjorn.Krogsaeter@haram.kommune.no>; Eva Mariann Vinje Aurdal <Eva.Mariann.Vinje.Aurdal@alesund.kommune.no>; Dag Olav Tennfjord <Dag.Olav.Tennfjord@skodje.kommune.no>; Eva Hove (eva.hove@stordal.kommune.no) <eva.hove@stordal.kommune.no>; Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no>; Synnøve Vasstrand Synnes <Synnove.Synnes@orskog.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Harry Valderhaug <hava@giske.kommune.no>; geir.inge.lien@vestnes.kommune.no; may-helen.molvar.grimstad@sykkylven.kommune.no; Bente Glomset Vikhagen <Bente.Glomset.Vikhagen@skodje.kommune.no>

Emne: VS: Møtereferat frå 14.01.2019.

Møtereferat frå møte med HMN RHF mandag 14.01.2019.

Desse var til stede:

Adm.dir. Stig Arild Slørdahl, Kommunikasjonsdir. Tor Harald Haukås, Økonomidir. Anne-Marie Barane, Fagdir. Henrik A. Sandbu, Torgeir Dahl, Britt Rakvåg Roald, Ellen Engdahl, Kjell Nergaard, Jan Ove Tryggestad og Jan Kåre Aurdal.

Dette møtet kom istand etter eit initiativ frå Sunnmøre Regionråd og dei to andre regionråda i fylket.

Utsendingane frå dei tre regionråda var tydelege på at HMR er underfinansiert og at det er ei skeivfordeling av ressursane. Vi vil ikkje stå å sjå på at dette skjer, og at her er ein ubalanse. Dette ser vi på driftsresultatet spesielt i Møre og Romsdal.

Dette vart uttalt av bl.a. Jan Ove Tryggestad. Samtidig som vi viste til mail/brev som vi sendte den 11.01.2019.

Vi fekk til svar frå adm.dir. Stig Arild Slørdahl at det ikkje er noko haldepunkt for at det er ei skeivfordeling innafør regionen. Modellen som vert lagt til grunn for deling av midler skjer utifrå behova som er i befolkinga. HMN har brukt fire år på å innføre denne fordelingsmodellen.

Så skulle føretaka justere drifta si slik at utgiftene kom i samsvar med inntektene. Det har dei ikkje klart.

Det er HMR som no skal handtere utfordringane dei har med økonomien.

Samtidig så er Magnussen-modellen oppe til vurdering nasjonalt, og vil vere det i 2019. Slørdahl sa han var heilt ærleg på at skulle det vise seg at her er ei skeivfordeling, så må vi rette på det. Men om det blir meir pengar til HMR veit vi ikkje.

Møre og Romsdal valgte sjølv å ta i bruk Magnussen-modellen, medan andre regionar har laga eigne modeller. Dette må vi vere obs på. At det kan gå an å gjere endringar på modellen.

Ei anna viktig sak er at 16 % av alle pasienter som bur i Møre og Romsdal vert behandla på St.Olav. Dette talet er altfor høgt, burde ligge på 8-9 %.

Dette tapper ressurser frå HMR, både fagleg, men også økonomisk. Her ligg det mykje midler som kunne vore brukt i vårt fylke. For det er HMR som må betale for dei pasientane som vert behandla i Trondheim.

Vi i Møre og Romsdal må bidra til å oppretthalde tenestetilbudet framover. Men då må vi også bruke tilbuda som vi har. Hvis vi ikkje gjer det i større grad, så mister vi spesialisthelsetenesta.

I framtida vert det slik at fleire og fleire vert behandla i kommunane, og at sjukehusa vert meir for akutt-innlegging. Men dette vil kreve meir av kvar enkelt kommune, og ikkje minst økonomisk.

Regionråda vil følge denne saka nøye framover gjennom møter og dialog med både HMN og HMR.

Slørdal sa i sluttfasen av møtet at han var veldig fornøgd med at regionråda opererte samla i denne prosessen. Han meinte at dette ville vere avgjerande for at vi skulle kunne utvikle HMR i framtida. Leinga i helseforetaket såg vidare fram til eit vidare samarbeid med regionråda i Møre og Romsdal.

Vi har invitert adm.dir. til møte med kommunane den 15.02, saman med Espen Remme. Eg har i etterkant av møtet i Trondheim fått bekrefta at begge kan kome denne dagen. Tenker at vi kan starte kl 09.00, og at Nye Ålesund Kommune fortsetter med sitt klimamøte kl 12.00. Vi vil forsøke å få dette til.

PS. Det vert også møte med kommunane saman med fleire aktørar den 01.02.2019. Men det er i regi av HMR.

Møteref.

Jan Kåre Aurdal